

Reglement for Gjemnes ungdomsråd

§ 1 Arbeidsområde og målsetjing

- a. Ungdomsrådet skal vere eit:
 - Talerøyr for ungdomane i Gjemnes kommune
 - Organ med avgjerdsrett i utvalde saker.
 - Høyringsorgan i kommunale saker og planer som vedkjem ungdomen, her under Gjemnes ungdomsklubb.
- b. Ungdomsrådet skal forsøke å fremme:
 - Best mogleg levekår for ungdomen
 - Større påverknad i saker som vedkjem ungdomen
 - Auka engasjement mellom ungdomar i kommunen.
- c. Ungdomsrådet skal få tilsendt alle saker som gjeld ungdom sine oppvekstvilkår og andre saker med interesse for ungdom og har uttalerett i desse.
- d. Ungdomsrådet kan, på eige initiativ, ta opp saker som vedkjem ungdom.
- e. Ungdomsrådet skal ha eige budsjett, der midlar skal gå til eigne prosjekt eller som tilskot til andre ungdomsstyrte prosjekt.

§ 2 Samansetjing og val

- a. Ungdomsrådet skal ha 7 medlemar og like mange varamedlemar. Medlemene skal vera i alderen 13 – 19 år. Det skal være ein politiskar frå formannskapet som har møte og talerett i ungdomsrådet.
- b. Medlemene i ungdomsrådet og varamedlemene, skal veljast for 2 år. For å få kontinuitet mellom medlemene, skal 3 av medlemene og 3 varamedlemar vera på val etter eit år og tilsvarande 4 medlemar og 4 varamedlemar vera på val etter to år. Alle skal vera frå Gjemnes kommune.
- c. Begge kjønn skal være representert med minimum 40%.
- d. Rekruttering av medlemar til ungdomsrådet skjer gjennom val på ungdomstrinnet ved Batnfjord skule og mellom elevane frå 8. – 10. klasse ved skule. Valet skal vera innan utgangen av året kvart år.
- e. I samsvar med Kommunelova § 7-1 er det kommunestyret som formelt vel medlemene til ungdomsrådet.
- f. Leiar og nestleiar skal veljast mellom rådet sine medlemar for eitt år om gongen. Så snart som råd etter at valet er gjennomført.
- g. Rådmannen skal sørge for at ungdomsrådet har koordinator og sekretærhjelp i samsvar med retningslinene frå Bufdir.

- h. Ungdomsrådet har møte og talerett i folkevalde organ i saker som angår barn og unge i kommunen.

§ 3 Møter

- a. Ungdomsrådet skal som regel ha faste møter minst annankvar måned (6 møter i året). Leiaren kan i samråd med nestleiar og sekretær, avlyse møter eller kalle inn til fleire møter utifrå ei vurdering av behovet. Leiaren har ansvar for at ungdomsrådet vert kalla inn til møte.
- b. Ungdomsrådet skal kallast inn med minst fem dagars varsel. Saman med møteinnkallinga må saksdokumenta sendast ut. Unntak er dokument som er viktige for handsaming, og som ikkje er klare på innkallingstidspunktet.
- c. Ungdomsrådet kan gjere vedtak når minst halvparten av representantane er til stades.
- d. Sekretæren fører protokoll/møtebok. Utskrift av møteboka vert sendt representantane, vararepresentantane, ordførar, rådmannen og andre i kommuneorganisasjonen som jobbar med barn og unge.

§ 4 Økonomi

- a. Ungdomsrådet skal ha eigne midlar/budsjett og eige ansvar/teneste i kommunebudsjettet. Nødvendige administrative utgifter, opplæring, samt tilskot til eigne og eksterne føremål blir dekt over dette budsjettet.
- b. Ungdomsrådet skal ha uttalerett i fordeling av kommunale midlar som omfattar barn og unge.
- c. Ungdomsrådet sine medlemar skal ha godtgjersle for arbeid i rådet i samsvar med dei satsar kommunestyret bestemmer. I tillegg skal medlemane ha dekkja alle ekstra kostnader med reise til og frå møta.

§ 5 Årsmelding

- a. Ungdomsrådet utarbeider kvart år ei eiga årsmelding for arbeidet sitt. Årsmeldinga går som referat til kommunestyret.

§ 6 Revisjon og godkjenning av vedtekter

- a. Ungdomsrådet sitt reglement skal godkjennast av kommunestyret.
- b. Ungdomsrådet kan, på eige initiativ koma med forslag til endring av reglementet.